

Fritids- og feriereiser for menneske med nedsett funksjonsevne.

Meland lokallag av NFU har fått fleire førespurnader frå våre medlemmer om dette temaet. Sidan reforma for menneske med utviklingshemming vart gjennomført på byrjinga på 90-tallet har ein hatt ei forståing og halding til at alle innbyggjar har behov for å oppleva å vera ein del av eit inkluderande samfunn på alle arenaer i livet. Det vere seg skule, arbeid, kultur, m.m. Meland kommune har sidan 80-åra vore ein kommune som har tatt dette på alvor og arbeid etter parolen; «Eit samfunn for alle».

Dei seinare åra opplever Meland lokallag av NFU at ein i Meland kommune ikkje lengre klarer å arbeide etter dette målet. Generelt opplever ein at kommunen i aukande grad manglar ressursar og oftare grunnleggjer ulike avgjersler med «stram økonomi». Det er ei aukande uro over at tenestene kommunen yt er vorte svekka dei seinare år. Som interesseorganisasjon har vi stor forståing for at kommunen kan ha knappe ressursar og må gjere vanskelege val. Vi ynskjer likevel å stille spørsmål til tenestene kommunen utøver, og gjere politikarar oppmerksom på kva konsekvensar dette får for mange av våre medlemmer. Vi vil med denne førespurnaden ta opp problemstillingar knytt til fritids- og feriereiser.

Sidan tidleg på 90-tallet har det vore vanleg praksis i Meland at ein legg til rette for ferietur, helgetur, eller andre reiser. I praksis har dette i stor grad vore fellesreiser for fleire personar men også turar for einskilde dersom det ikkje var tenleg for ein person å reise med andre. Det har vore vanleg at tenestemottakar i tillegg til eigne utgifter betaler det meste av tenesteytar sine reise og opphaldskostnader.

I dei siste åra har det vore ulike signal frå kommunen om det ikkje er mogeleg å reise på ferie/fritidsturar. Det har kome fram påstandar om at tilsette ikkje er forsikra på tenestereiser og at det er i strid med arbeidsmiljølova å organisere slike reiser. I sommar vart ein hyttetur som var planlagt i lang tid avlyst fordi turen inkluderte ein overnatting. Turen tok 6 timar t/r og vart gjennomført utan overnatting. Dette var sjølv sagt svært skuffande for dei personane som hadde planlagt og gledd seg til ein helgetur i lang tid. I praksis er det no slik at ein person med nedsett funksjonsevne ikkje kan reise på turar med tenesteytar.

I brev frå Rådmannen i april i år til «foreldre/ føresette som mottar kommunale tenester – Meland heimeteneste» seier Rådmannen at det ikkje ligg i «tenestemenyen» til kommunen å gje tenester ved feriereiser. Dette reiser fleire viktige spørsmål som vi ynskjer tydlege svar på.

1. Kan ein person som mottar heimetenester reise på turar som inneberer overnatting få nødvendig bistand på den aktuelle reisa?
2. Kan ein person som mottar heimetenester reise på aktivitetar utanfor kommunegrensene?
3. I brevet frå Rådmannen vert det sagt at det ikkje er satt av budsjettmidlar til feriereiser. Kan kommunen gjere greie for kva eventuell ekstrakostnad dette er?
4. Kan Meland kommune gjere greie for kva vurderingar som ligg til grunn for at ein ikkje vel å gje tenester ved fritids- og feriereiser?
5. Vil Meland kommune gjere det mogeleg for menneske med nedsett funksjonsevne å delta på reiser med overnatting i tida framover?

For styret i Meland lokallag av NFU

Bjørn Gripsgård Knudsen, Leiar